

Årsrekneskap 2019

Simas IKS

Årsmelding
Resultat
Balanse
Notar

SIMAS IKS

ÅRSMELDING 2019

- 1. Verksemda sin art og korleis den vert driven**
- 2. Vidare drift**
- 3. Omtale av årsrekneskapen**
- 4. Risiko**
- 5. Arbeidsmiljø**
- 6. Likestilling**
- 7. Ytre miljø**
- 8. Framtida**
- 9. Rekneskap 2019**
- 10. Resultatrekneskap**
- 11. Balanse**
- 12. Kontantstraumsanalyse**
- 13. Noter**
- 14. Revisormelding**

ÅRSMELDING 2019 SIMAS IKS

1. Verksemda sin art og korleis den vert driven

SIMAS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, med til saman 32 811 innbyggjarar pr 31.12.19. Selskapet starta opp i 1995 og har i dag ansvaret for handsaminga av slam og alt hushaldningsavfall. Selskapet driftar også miljøstasjonane for eigarkommunane utanom Årdal. Kontor- og arbeidsstad er Festingdalen på Kaupanger.

I tillegg tilbyr selskapet renovasjonstenester til næringslivet i regionen gjennom det heileigde dotterselskapet SIRKLA Ressurs AS

2. Vidare drift

Rekneskap og balanse er sett opp i samsvar med krava i rekneskapslova. Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rett bilete av SIMAS sine eignelutar og gjeld, eigenkapital, finansielle stilling og resultat.

Føresetnaden for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen for 2019 er sett opp med denne føresetnaden.

3. Omtale av årsrekneskapen

Omsetninga

Omsetninga i selskapet i 2019 var på 73,7 millionar kroner, dette er 0,9 millionar kroner mindre enn i 2018. Dette skuldast i hovudsak redusert inntekt for levering av avfall til slutthandsaming og redusert mottak av avfall til deponiet.

Driftskostnader

Samla driftskostnadene var i 2019 på 72,1 millionar kroner. Mot 72,7 millionar kroner i 2018. Endringa er i hovudsak knytt til redusert varekostnad med 1,2 millionar kroner. Det gjeld i hovudsak reduserte kostnader på blanda treverk og forbrenning av restavfall.

Netto finanskostnader

Netto finanskostnader er på 1,0 millionar kroner mot 0,8 millionar kroner i 2018.

Årsresultat

Resultatrekneskapen syner eit samla overskot på 0,7 millionar kroner før skatt i 2019. I 2018 var det overskot på 1,1 millionar kroner.

Det er i rekneskapen for 2019 teke høgde for ein eingongskostnad på kr 400.000 med flytting av avfallet internt på anlegget. I tillegg er det periodisert inn inntekt på kr 1.400.000 for ikkje fakturerte tenester. Dette påverkar resultatet positivt.

Selskapet har fått godkjent FoU-prosjektet «Sirkuler avfallsbedrift» som SkatteFUNN-prosjekt, men det er ikkje kostnadsført utgifter i dette prosjektet i 2019.

Disponering av overskot

Av overskotet på 0,7 millionar kroner går 0,4 millionar kroner til skatt. Overført til fond for hushaldningsrenovasjon er 0,9 millionar kroner, 0,1 millionar kroner til fondet for slamrenovasjon og 0,5 millionar kroner er redusert eigenkapital.

ÅRSMELDING 2019 SIMAS IKS

Kontantstrøm

Selskapet sin kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar har i 2019 vore 9,9 millionar kroner, mot 3,4 millionar kroner i 2018. Netto kontantstrøm frå investeringsaktiviteten var på -4,2 millionar kroner, mot -6,6 millionar kroner i 2018, mens finansaktiviteten bidrog med ein netto kontantstrøm på -0,4 millionar kroner, mot -0,9 millionar kroner i 2018.

Dette gir ein samla kontantstrøm i selskapet på 5,3 millionar kroner mot -4,1 millionar kroner i 2018.

SIMAS hadde ei endring i kontantar og kontantekvivalentar på 17,5 millionar kroner i 2019 mot 12,2 millionar kroner i 2018.

Balanse

Eigendelar, utgjer 99,3 millionar kroner, der eigenkapitalen er på 14,8 millionar kroner og samla gjeld utgjer 84,5 millionar kroner. Den langsiktige lånegjelda utgjer 59,8 millionar kroner, mot 60,2 millionar kroner pr 31.12.18. SIMAS har ei låneramme på 120 millionar kroner, som eigarkommunane godkjende i 2019.

4. Risiko

SIMAS jobbar kontinuerleg med å redusere risiko for uønska hendingar. Det vert årleg gjennomført risikoanalyser knytt til selskapet drift og aktivitetar. Det vert gjennomført kurs, øvelsar og samlingar. Det er godt samarbeid med eksterne selskap og forskjellige tilsynsmynde for å forebygge uønska hendingar.

Strategisk risiko

Avfallsbransjen er i stor endring. Strategien til selskapet er i samsvar med samfunnsutviklinga og endring av rammebetingelsar for avfallshandtering i Norge. Dette gjelder krav til kundeservice, miljørette tenester og krav til gjenvinning av energi og materialar. Dette er nedfelt i visjon til selskapet som er «Ressursar på rett veg».

Det pågår ei konsolidering til større organisasjonar i form av nye samarbeidskonstellasjonar eller etablering av ny selskap. **Selskapet er i dialog med andre selskap om å finne ei framtidretta samarbeidsform.**

Marknadsrisiko

Selskapet har på grunn av at selskapet utfører eigarkommunane sine lovpålagde renovasjonstenester, og er tildelt einerett innanfor renovasjon, liten marknadsrisiko innafør dette området. Deler av selskapet sin aktivitet er likevel påverka av konjunktursvingningar, strukturendringer og ytre rammebetingelser.

Finansielle risiko

Selskapet har ein investeringsstrategi med låg risiko. Midlane selskapet har er plassert i pengemarknaden, og i aksjar i selskap knytt til drifta av selskapet. SIMAS eig SIRKLA Ressurs AS med bokført verdi på kr. 506.797. I tillegg eig selskapet aksjar i Retura Norge AS.

Hendingar etter balansedagen

Etter balansedagen er selskapet drift påverka av utbrot med coronaviruset. Det er gjennomført tiltak internt i selskapet for å redusere effekten av utbrot av smitte internt. Hovudinntekta til selskapet er knytt til både gebyr frå den lovpålagde aktivitet, som vert vurdert å ha låg risiko, SIMAS IKS

ÅRSMELDING 2019 SIMAS IKS

sal og avhending av avfall til slutthandsaming. Slutthandsaming av avfall kan vere utsett for både valutavvingingar og globale marknadsendingar på grunn av utbrotet av koronaviruset. Selskapet har investert i teknologi som gjer det mogeleg med forsvarleg lagring av hovudavfallsfraksjonane over lengre tid, og er dermed ikkje so eksponert for stopp i mottak av avfall nedstraums. Valutaendingane vil påverke prisane då fleire av kontraktane vert regulert i forhold til euro-kursen. Det er i den vedtekte økonomiplan for perioden 2020-2023 lagt inn ekstra kostnader for slutthandsaming av avfallet.

Ved langvarig reduksjon i næringsaktivitet i Norge, med auka permisjon av arbeidstakarar og konkursar, kan abonnentane og kundar få betalingsutfordringar. Dette kan medføre redusert innbetaling på forfallsdato som kan gje likviditetsutfordringar. Verksemda vurderer likevel likviditetsutfordringane for selskapet som moderat.

5. Arbeidsmiljø

SIMAS har som målsetting å ta vare på helsa til dei tilsette, både fysisk og metatakt. Selskapet har avtale med Bedriftshelseteneste 1. I 2019 vart det oppretta eige arbeidsmiljøutval.

Det samla sjukefråværet var i 2019 på 4,6 % mot førre år 4,4 %. Legemeldt fråværet utgjer 3,8 % og eigemeldt fråværet 0,8 %. Det vart ikkje registrert yrkesskadar eller yrkessjukdom som førte til fråvær.

6. Likestilling

SIMAS har ved utgangen av 2019 34 fast tilsette. I tillegg har det vore leigd inn ekstra personalressursar i samband med gjennomføring av ulike prosjekt. SIMAS har som mål å vera ein arbeidsplass der det skal vera full likestilling mellom kvinner og menn. Tradisjonelt har det vore få kvinnelege søkjarar til våre stillingar, særleg når det gjeld drifta ute. Av selskapet sine 40 tilsette er 8 kvinner, inklusiv 1 kvinneleg lærling i kontorlaget. I leiargruppa er det 2 kvinner og 3 menn. Styret i 2019 2 av 5 styremedlemmer kvinner, der styreleiar er ein av desse.

7. Ytre miljø

Selskapet har høg fokus på at drifta vår ikkje skal føre til påverknad på det ytre miljøet. Vi overvaker utslepp til vatn og luft etter fast regime, jf. krav i utsleppsløyvet.

I 2019 har det vore ekstra fokus på oppfølging av deponert slagg som viste seg å ha anna klassifisering enn ein hadde informasjon om tidlegare. SIMAS har også gjort vurderingar om verksemda vert omfatta av det nye EU-direktivet for avfallshandtering, og nye BAT-konklusjonar (Best tilgjengeleg teknologi). Med dagens drift er vi komen fram til at vi er omfatta av BAT for mellombels mottak og lagring av farleg avfall, men vi ventar på tilbakemelding frå Fylkesmannen på dette.

Flygeavfall vert jamleg rydda bort frå nærområdet, og årleg gjennomfører med ryddedagar på anlegget. Det er ikkje motteke naboklager i året som gjekk.

Selskapet har fokus på at avfallet som vert samla inn vert handtert på best føremålstenleg måte, og at farleg avfall blir handtert forsvarleg.

8. Framtida – utsikt for selskapet

SIMAS fekk i 2016 ny strategiplan – Avfall 2020 – som dannar ramma for utviklinga av verksemda. Planen tek utgangspunkt i dei overordna krava som vert sett til verksemda, i tillegg til dei lokale utfordringane som regionen har innan avfallshandsaming. Styret er opptekne av at selskapet skal vere ein sentral kompetansebedrift innafor avfallshandtering i regionen. Samstundes

ÅRSMELDING 2019
SIMAS IKS

ønskjer styret å legge til rette for meir lokal verdiskaping med utgangspunkt i ressursane verksemda samlar inn.

Styret følgjer utviklinga av bransjen og gjeldande rammelovgjevningen tett, og har stort fokus på korleis selskapet skal handtere dei utfordringar som ein til ei kvar tid står ovanfor. Dette for å sikre god og stabil drift også i eit lengre perspektiv.

Dagleg drift

Den daglege drifta i selskapet har følgjande hovudfokus;

- Redusere negative effektar frå utbrotet av Coronaviruset
- Kontinuerleg informasjon for å halda oppe og påverke haldningane med avfallssortering, og sette fokus på mindre produksjon av avfall og meir gjenbruk
- Fylgja opp kundeavtalane, kvalitetssikre og handsama søknader raskt og rettvis.
- Auka gjenvinningsgraden på avfallet som SIMAS tek imot og handsamar.
- Etablere SIRKLA Ressurs AS som aktiv aktør i den konkurranseutsette marknaden


I 2020 skal det utarbeidast ny strategiplan for selskapet. I dette arbeidet vil ein i stor grad involvere eigarkommunane for å få god felles oppfatning av utfordringane selskapet har, samt god forankring til den vidare planen for selskapet

Styret vil takke dei tilsette og samarbeidspartnarar for godt samarbeid.


Kaupanger 24.03 2020



Toril Hovland
Styreleiar


Ivar Kvalen
nestleiar


Åge Skrede
styremedlem


Ellen Njøs Lillesvangstu
styremedlem


Petter Sortland
styremedlem


Hallvard Thomassen
Direktør

Resultatrekneskap

Simas IKS

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2019	2018
Salsinntekt	12	72 916 546	74 286 295
Anna driftsinntekt		788 307	289 876
Sum driftsinntekter		73 704 853	74 576 171
Varekostnad		14 842 939	16 110 977
Lønskostnad	1, 8	23 419 688	23 543 801
Avskrivning	2	6 615 533	6 663 168
Annan driftskostnad	1	27 180 058	26 357 238
Sum driftskostnader		72 058 218	72 675 183
Driftsresultat	11	1 646 635	1 900 988
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		184 223	150 995
Anna finansinntekt		95 294	47 499
Annan rentekostnad		1 191 782	1 031 780
Annan finanskostnad		50 144	0
Resultat av finansposter		-962 409	-833 286
Ordinært resultat før skattekostnad		684 226	1 067 702
Skattekostnad på ordinært resultat	7	356 477	89 944
Ordinært resultat		327 749	977 758
Årsresultat	11	327 749	977 758
Overføring			
Overført til fond slam hushald (sjølvkost)	10	-48 803	0
Avsett til annan egenkapital		0	977 758
Overført til fond renovasjon hushald (sjølvkost)	10	-907 307	0
Overføring frå annan eigekapital		530 755	0
Sum overføringar		327 749	977 758

Balanse
Simas IKS

Eigedelar	Note	2019	2018
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	2	63 769 223	64 237 591
Maskinar og anlegg	2	600 500	1 467 200
Driftslausøyre, inventar, verktøy ol	2	5 306 458	5 726 650
Sum varige driftsmiddel		69 676 181	71 431 441
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap	3	506 797	506 797
Investeringar i aksjar og partar		108 000	209 651
Andre langsiktige krav		609 394	261 566
Sum finansielle anleggsmiddel		1 224 191	978 014
Sum anleggsmiddel		70 900 372	72 409 455
Omløpsmiddel			
Varar	13	905 195	515 586
Kundekrav	4	5 712 286	1 855 846
Andre kortsiktige krav	4	4 293 926	9 538 436
Bankinnskot, kontantar og liknande	5	17 473 963	12 211 891
Sum omløpsmiddel		28 385 370	24 121 760
Sum eigedelar		99 285 742	96 531 215


Balanse
Simas IKS

	Note	2019	2018
Eigenkapital og gjeld			
Innskoten egenkapital			
Selskapskapital	6, 14	14 771 978	13 853 095
Sum egenkapital		14 771 978	13 853 095
Gjeld			
Avsetjing til plikter			
Pensjonsplikter	8	5 657 688	6 196 530
Andre avsetjingar for plikter	10	5 076 290	3 867 786
Øvrig langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	9	59 804 160	60 169 160
Sum anna langsiktig gjeld		59 804 160	60 169 160
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		7 037 630	8 200 421
Betalbar skatt	7	356 477	144 841
Skyldige offentlege avgifter		1 582 417	1 550 488
Anna kortsiktig gjeld		4 999 103	4 548 894
Sum kortsiktig gjeld		13 975 627	12 444 644
Sum gjeld		84 513 765	82 678 120
Sum egenkapital og gjeld		99 285 742	96 531 215

Sogndal, 24.03.2020
Styret i Simas IKS



Jøril Høyland
styreleiar


Hallvard Thomassen
direktør


Age Skrede
styremedlem


Ivar Kvalen
Nestleiar


Ellen Marie Njøs Lillesvangstu
styremedlem


Petter Sorlland
styremedlem

Indirekte kontantstrøm

Simas IKS

	Note	2019	2018
Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter			
Resultat før skattekostnad		684 226	1 067 702
Betalt skatt i perioden		-285 288	-280 098
Tap/vinst ved sal av anleggsmiddel		-623 307	-289 876
Ordinære avskrivningar		6 615 533	6 663 168
Endring i varelager		-389 609	-34 544
Endring i kundefordringar		-3 856 440	2 036 967
Endring i leverandørgjeld		837 209	271 729
Endring i andre tidsavgrensingspostar		6 881 714	-6 031 108
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktiviteter		9 864 038	3 403 939
Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter			
Innbetalinger ved sal av varige driftsmidler		955 000	566 250
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler		-5 191 966	-7 130 479
Netto kontantstrøm frå investeringsaktiviteter		-4 236 966	-6 564 229
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter			
Netto endring i langsiktig gjeld		-365 000	-932 500
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktiviteter		-365 000	-932 500
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar		5 262 072	-4 092 789
Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved byrjinga av pe		12 211 891	16 304 681
Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved slutten av		17 473 963	12 211 891

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapsen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk i Norge.

Inntekter

Ved varesalg rekneskapsførast inntekta når den er opptent, altså når både risiko og kontroll i hovudsak er overført til kunden. Dette vil normalt vere tilfellet når vara er levert til kunden. Inntektene rekneskapsførast med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Ved tenestesalg rekneskapsførast inntekta når den er opptent, altså når krav på vederlaget oppstår. Dette skjer når tenesta ytast, i takt med at arbeidet utførast. Inntektene rekneskapsførast med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigendelar og gjeld

Eigendelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigendelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering og langsiktig gjeld er analoge kriteria lagt til grunn.

Anleggsmidlar blir vurdert til anskaffelseskost, men blir nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet forventast ikkje å vera forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid blir avskrive planmessig. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar vurderast til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunkt.

Leigeavtalar

Driftsmidlar som leigast på vilkår som i det alt vesentlege overfører økonomisk risiko og kontroll til selskapet (finansiell leasing), balanseførast under varige driftsmidlar og tilhøyrande leigeforplikting vert bokført som forplikting under rentebærande langsiktig gjeld til noverdien av leigebetalingane. Driftsmiddelet vert avskrive planmessig, og forpliktinga reduserast med betalt leige etter frådrag for berekna rentekostnad.

Investering i aksjar

Investeringar i aksjar vurderast etter kostmetoden. Investeringane blir nedskrive til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande og det må ansjåast som nødvendig etter god rekneskapskikk. Evt. motteke utbytte vert inntektsført som anna finansinntekt.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar blir avskrive over forventa økonomisk levetid. Avskrivningane er som hovudregel fordelt lineært over antatt økonomisk levetid.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar blir oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap på kr 386 500. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. I tillegg blir det for øvrige kundefordringar ein uspesifisert avsetning for å dekkja antatt tap.

Varelager

Varer er vurdert til det lågaste av innkjøpspris og verkeleg verdi.

Bankinnskot, kontantar og liknande

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderar kontantar og bankinnskot med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

Pensjonar

Selskapet har pensjonsordning for sine tilsette gjennom KLP. Ein ytelsesplan er ei pensjonsordning som definerer ei pensjonsutbetaling som ein tilsett vil motta ved pensjonering. Pensjonsutbetalinga er normalt avhengig av fleire faktorar, som alder, antall år i selskapet og løn. Den balanseførte forpliktinga knytt til ytelsesplanar er noverdien av dei definerte ytingane på balansedagen minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane (innbetalte beløp til forsikringsselskap). Pensjonsforpliktinga bereknast årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppteningsmetode.

Skatt

Skattekostnaden i resultatet omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er berekna med 22 % på grunnlag av dei midlertidige forskjellar som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret.

Kommunale avfallsselskap som tilbyr kommersielle tenester i marknaden er skattepliktige for den delen av verksemda som er relatert til næringsavfall. Skatteplikta inntredde frå og med rekneskapsåret 2014.

Sjølvkost

Selskapet sine tenester i tilknytning til renovasjon innan privat hushald er lovpålagd og skal ikkje over tid ikkje gje økonomisk overskot. Selskapet er pliktig til å utarbeide sjølvkostberekningar for hushaldrenovasjon og slamtømming retta mot private hushald. Ved underskot i sjølvkostberekningen visast dette som ei fordring i balansen (abonnementsfordring) og ved overskot i sjølvkostberekningane visast dette som ei gjeld i balansen (skuldig abonnementsgebyr).

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar og bankinnskot.

Prinsippending

Selskapet omsette i 2018 for over 70 mill kr og gjekk frå å vere små foretak til å verte øvrige foretak. Som følgje av dette har selskapet frå og med 2019 avlagt årsrekneskap etter reglane for øvrige føretak. Dette inneber blant anna at ytelesesordning pensjon skal balanseførast.

Vidare har selskapet frå og med rekneskapsåret 2019 valt å balanseføre over/underskot knytt til sjølvkost.

Effekten av prinsippendingane er ført mot eigenkapitalen pr 01.01.19 i samsvar med rekneskapslova. Samanlikningstala er omarbeida.

Note 1 Lønskostnader og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiar, styret og revisor

Lønskostnader	2019	2018
Løningar	17 825 578	18 453 780
Arbeidsgjevaravgift	2 406 737	2 485 509
Pensjonskostnader	2 954 622	2 193 108
Andre ytingar	232 750	411 404
Sum	23 419 688	23 543 801

Selskapet har i 2019 sysselsett 39 årsverk.

Pensjonsforpliktingar

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordninga til selskapet tilfredsstiller krava i denne lova.

Ytingar til leiar og personar	Dagleg leiar	Styreleiar
Løn	967 582	85 400
Pensjonskostnader	149 120	0
Anna godtgjering	5 371	0
Sum	1 122 073	85 400

Det føreligg ikkje avtale om plikt til å gje dagleg leiar eller medlemmar av styret særskilt godtgjerdse ved opphøyr av stillinga eller vervet. Det føreligg heller ikkje avtalar om bonus, overskotsdeling eller liknande til fordel for dagleg leiar eller styremedlemmar.

Det er ikkje gjeve lån eller stilt sikkerheit til fordel for dagleg leiar, tilsette, styremedlemmar, eigarar eller andre nærstående.

Godtgjerdse til revisor	2019
Lovpålagt revisjon	49 000
Utvida finansiell revisjon	35 600
Andre tenester utanfor revisjonen	300 805

Beløpa er eks. mva.

Note 2 Driftsmidler

	Bygningar og tomtar	Maskiner og anlegg	Driftslausøyre, utstyr mv	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01.19	127 198 373	19 009 034	27 730 808	173 938 216
Tilgang	3 683 396	43 600	1 464 970	5 191 966
Avgang			692 485	692 485
Anskaffelseskost 31.12.19	130 881 770	19 052 634	28 503 292	178 437 696
Akk avskrivningar 31.12.19	67 112 546	18 452 134	23 196 835	108 761 515
Bokført verdi 31.12.19	63 769 223	600 500	5 306 458	69 676 181
Årets avskrivningar	4 151 764	910 300	1 553 469	6 615 533
Økonomisk levetid	0-50 år	0-10 år	3-10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	

Investeringar er finansiert ved lån i Kommunalbanken.

Note 3 Investering i dotterselskap og andre selskap

	Kontor-kommune	Eigardel	Kostpris	Bokført verdi	Eigenkapital pr 31.12	Årsresultat pr 31.12
Dotterselskap						
Sirkla Ressurs AS*	Sogndal	100%	506 797	506 797	2 717 777	295 656

* Foreløpige tal då revisjon av årsrekneskapet for Sirkla Ressurs AS ikkje er ferdigstilt på noverande tidspunkt.

	Total aksjekapital	Tal aksjar	Pålydande	Overkurs	Bokført verdi pr 31.12.
Andre aksjeinvesteringar					
Retura Norge AS	4 886 000	60	1 000	1 800	108 000
Sum					108 000

Note 4 Mellomvære med selskap i same konsern

	Sirkla Ressurs AS 2019	Sirkla Ressurs AS 2018	Ecoinowaste AS 2019	Ecoinowaste AS 2018
Fordringar				
Kundefordringar	3 480 784	512 367	268 114	268 114
Andre fordringar	165 000	7 171 235	0	0
Sum	3 645 784	7 683 602	268 114	268 114
Gjeld				
Leverandørgjeld	63 974	0	0	0
Resultatpostar				
Inntekter	10 161 125	23 229 941		
Kostnader	661 257	0		

Note 5 Bankinnskot

Midlar på skattetrekkskonto (bundne midlar) er kr 800 432.

Note 6 Eigenkapital

	Anna eigenkapital	Sum
Eigenkapital pr. 31.12.2018	19 682 211	19 682 211
Prinsippending pensjon 01.01.2019	-6 196 530	-6 196 530
Prinsippending fond 01.01.2019	367 414	367 414
Eigenkapital pr 01.01.2019	13 853 095	13 853 095
Estimatavvik pensjon (årets endring)	1 449 638	1 449 638
Årets resultat	-530 755	-530 755
Eigenkapital pr. 31.12.2019	14 771 978	14 771 978

Oversikt over eigarkommunane pr 31.12:

Kommune	Eigardel
Aurland	5,4 %
Balestrand	3,8 %
Høyanger	12,6 %
Leikanger	7,1 %
Luster	15,9 %
Lærdal	6,5 %
Sogndal	24,5 %
Vik	8,1 %
Årdal	16,0 %
Sum	100 %

Ingen eigarar har gjeld til selskapet.

Note 7 Skatt

Avstemming av skattekostnaden i resultatet	2019	2018
Feil frå tidlegare år	0	-391 542
Betalbar skatt av årets resultat	356 477	285 289
Endring utsett skatt	0	0
Sum skattekostnad	356 477	-106 253

Utrekning av skattegrunnlaget i år	2019	2019
Resultat før skattekostnad	684 226	1 067 702
Permanente skilnader	567 995	-226 910
Endring i mellombelse skilnader	368 129	399 593
Bruk av underskot til framføring	0	0
Grunnlag betalbar skatt	1 620 350	1 240 385

Oversikt over mellombelse skilnader	2019	2019
Fordringar	-375 891	-130 469
Driftsmidlar	-22 805 971	-22 220 174
Avsetnad etter god rekneskapsskikk	-5 035 200	-4 235 200
Pensjonar	-5 657 688	-6 196 530
Sum	-33 874 750	-32 782 372

Utsatt skatt/-skattefordel -7 452 445 -7 212 122

Andel av mellombelse skilnader vedr næring 33,7 % (36 %) -11 415 791 -11 801 654

Andel av utsatt skatt/-skattefordel vedr næring 33,7 % (36 %) -2 511 474 -2 596 364

Utsatt skattefordel balanseførast ikkje.

Avstemming av betalbar skatt i balansen

For mykje betalt skatt tidlegare år	0	-140 448
Betalbar skatt av årets resultat	356 477	285 289
Sum	356 477	144 841

Note 8 Pensjonskostnader, -midlar og -forpliktingar

Selskapet har ei ytelsesbasert pensjonsordning gjennom KLP som omfattar 36 aktive og 5 pensjonistar. Ordninga gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytinga frå folketrygda. Forpliktinga er dekkja gjennom eit forsikringsselskap.

Selskapet har pr 31.12.19 balanseført pensjonsforpliktinga. Dei tilsette blir trekt i lønn for ein andel av pensjonspremien, medan selskapet dekkjer det øvrige.

	2019	2018
Pensjonskostnad		
Noverdi av pensjonsoppteninga i år	3 427 634	2 975 965
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	559 503	443 269
Avkastning på pensjonsmidlar	-370 447	-305 876
Administrasjonskostnader	101 109	127 437
Arbeidsgjevaravgift	394 086	343 524

Aktuarisk tap inkl arbeidsgjevaravgift	-778 183	1 035 505
Netto pensjonskostnad	3 333 702	4 619 824
Andel av premie trekt frå dei tilsette	-379 080	
Pensjonsmidlar - forpliktig		
Brutto påløpen pensjonsforpliktig	21 137 149	18 856 272
Pensjonsmidlar	16 019 469	13 253 623
Estimert netto pensjonsforpliktning	5 117 680	5 602 649
Arbeidsgjevaravgift	540 008	593 881
Netto pensjonsforpliktning	5 657 688	6 196 530

Økonomiske føresetnader for utrekning av pensjonskostnaden

Diskonteringsrente	2,30%	2,60%
Forventa avkastning på pensjonsmidlar	2,30%	2,60%
Forventa lønsvekst	2,25%	2,75%
Forventa G-regulering	2,00%	2,50%
Forventa regulering av pensjonar under utbetaling	1,24%	1,73%

Note 9 Pantstillingar og garantiar

	31.12.2019	31.12.2018
Pantsikra gjeld, pantstillingar og garantiar		
Gjeld til kredittinstitusjonar (lån)	59 804 160	60 169 160
Gjeld som er sikra ved kommunal garanti	59 804 160	60 169 160
Gjeld som forfell meir enn 5 år etter balansedagen	38 712 500	37 885 930
Rekneskapsført verdi av pantsikra eigedelar		
Driftsmidlar	0	0
Varelager	0	0
Kundefordringar	0	0
Sum	0	0

Selskapet har bankgaranti knytt til transportløyve pålydande kr 576.000 til fordel for Statens Vegvesen.

Note 10 Andre avsetjingar for plikter

	2019	2018
Andre avsetjingar for plikter består av		
Etterdriftsfond	5 076 290	3 867 786
Fond renovasjon hushald (sjølvkost)	1 143 093	235 786
Fond slam hushald (sjølvkost)	652 003	603 200
Sum andre avsetjingar til plikter	6 871 386	4 706 772

For å oppfylle krav i avfallsforskrifta er det avsett rekneskapsmessig til etterdriftsfond. Det vert årleg avsett kr 350 000 til etterdriftsfondet.

Note 11 Avdelingsfordeling

	Renovasjon hushald	Slam	Næring	Totalt
Driftsinntekter	43 510 246	5 682 613	24 511 996	73 704 855
Driftsutgifter	37 878 663	5 560 388	22 003 613	65 442 664
Avskrivning	4 092 946	134 051	2 388 535	6 615 532
Driftsresultat	1 538 637	-11 826	119 848	1 646 659
Finansposter	573 074	2 697	386 638	962 409
Resultat	965 563	-14 523	-266 790	684 250
Endring utsatt skatt			0	0
Betalbar skatt			356 477	356 477
Resultat	965 563	-14 523	-623 267	327 773

Sjølvcostfordeling

Driftsinntekter	43 510 246	5 682 613
Driftsutgifter	37 878 663	5 560 388
Avskrivning	3 867 558	126 670
Driftsresultat	1 764 025	-4 445
Finansposter	872 395	30 087
Resultat	891 630	-34 532

Fond

Fond 01.01.2019	235 786	-603 200
Resultat 2019	891 630	-34 532
Kalkulert renteinntekt sjølvcostfond	15 677	-14 271
Fond 31.12.2019	1 143 093	-652 003

Note 12 Salsinntekt

Per virksomhetsområde	2019	2018
Renovasjon hushald	43 510 246	39 992 086
Slam hushald	5 682 613	6 823 420
Næring	22 631 348	27 760 665
Næring slam	1 880 648	0
Sum	73 704 855	74 576 171

Note 13 Varelager

Varelager pr 31.12 består av:	2019	2018
Råvarer	300 240	0
Handelsvarer	604 955	515 586
Sum	905 195	515 586

Note 14 Hendingar etter balansedagen

Etter balansedagen er selskapet drift påverka av utbrot med coronaviruset. Det er gjennomført tiltak internt i selskapet for å redusere effekten av utbrot av smitte internt. Hovudinntekta til selskapet er knytt til både gebyr frå den lovpålagde aktivitet, som vert vurdert å ha låg risiko, sal og avhending av avfall til slutthandsaming. Slutthandsaming av avfall kan vere utsett for både valutasvingingar og globale marknadsendingar på grunn av utbrotet av koronaviruset. Selskapet har investert i teknologi som gjer det mogeleg med forsvarleg lagring av hovudavfallsfraksjonane over lengre tid, og er dermed ikkje so eksponert for stopp i mottak av avfall nedstraums. Valutaendingane vil påverke prisane då fleire av kontraktane vert regulert i forhold til eurokursen. Det er i den vedtekne økonomiplan for perioden 2020-2023 lagt inn ekstra kostnader for slutthandsaming av avfallet.

Ved langvarig reduksjon i næringsaktivitet i Norge, med auka permisjon av arbeidstakarar og konkursar, kan abonnentane og kundar få betalingsutfordringar. Dette kan medføre redusert innbetaling på forfallsdato som kan gje likviditetsutfordringar. Verksemda vurderer likevel likviditetsutfordringane for selskapet som moderat.

Til representantskapet i Simas IKS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Simas IKS sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 327 749. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvise bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2019, og av resultat og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis driftføresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underleggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovenfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Andre tilhøve

Selskapet sin årsrekneskap er avlagt etter utløpet av fristen etter Forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper § 4.

Sogndal, 24. mars 2020
Deloitte AS


Anne Britt Hjelmeseter
statsautorisert revisor